


INFORMASJON TIL FØRESETTE

GARNES UNGDOMSSKULE



Læring
og
trivsel
for alle



Velkommen til nytt skuleår på Garnes ungdomsskule!

Dette er eit informasjonshefte til elevar og føresette ved Garnes ungdomsskule. Her finn de informasjon om skulen vår og anna som kan vere nyttig.

Det er viktig at de les gjennom ordensreglane saman med elevane.

Kontaktinfo Garnes ungdomsskule:

Postadresse
Postboks 7700
5020 Bergen

Telefon: 53 03 47 00

E-post: [Bruk kontaktskjema på skulen sin heimeside. Kontaktskjema må brukast til kontakt med leiinga ved skulen som inneheld informasjon om elevar.](#)

Heimeside: www.bergensskolen.no/garnesu

Heimesida brukast til offentleg informasjon til alle føresette.



Besøksadresse : Garnesstølen 63

Vi gjer merksam på at på grunn av Covid19/Korona kan det vere mellombels rutineendringar på skulen. Skulen startar skuleåret med grønt nivå.

Innhald	2
Mål og satsingsområde	
Det psykososiale miljøet	3
Skule - heim, fordeling av ansvar	4
Periodeinndeling for læringsplanar.	
Vurdering.	5
Fritak frå opplæringa.	
Personvernforordning.	
Elevtransport i bil.	6
Sterk&Klar ved GUS	
Røyking og snus.	7
Ordensreglar for Garnes ungdomsskule –utdrag	8-10
Avtale for elevar sin bruk av digitale nett i bergensskulen	11
Reglar for bruk av mobiltelefon, nettbrett og anna digitalt utstyr.	12
Kantine.	
Gratis skuleprinsippet.	14
Lærebøker, utlån.	
Helsesøster og skulelege.	15
Trivselsprogrammet	16
Kommunikasjon skule – heim	17
Trinnoversikt/ organisasjonskart	18

Oppdatert juni 2021.

Mål for Garnes ungdomsskule

- Læring og trivsel for alle
- Elevane skal få oppgåver dei kan meistre, og noko å strekke seg etter.
- Elevane kjenner aktuelle mål, og deltek i utforminga av eigne læringsmål.

Skulen sine satsingsområde

- Aktive og målretta elevar: i læringsøktene skal elevane jobbe på varierte måtar med lærestoff gjennom utforsking og refleksjon. Dei skal vere med på å lage eigne læringsmål og vurdere si eiga læring.
- Læring og lesing: elevane skal vere aktive i sin eigen læringsprosess. Elevane skal kunne nytte ulike lærings- og lesestrategiar. Vi har fokus på å lese for å lære i alle fag.
- Læringsøktene og læringsplanane skal bygge på det forskning seier verker.
- Gode relasjonar mellom lærar og elev. Alle skal bli sett.
- PALS.

Det psykososiale miljøet

PALS er ein skuleomfattande innsatsmodell. Den består av systematiske og effektive førebyggingstiltak som rettar positiv merksemd mot alle elevane på skulen. Alle tilsette legg vekt på positiv involvering og oppmuntring, og dei gir føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Tiltaka bidreg til å redusere talet elevar med åtferdsvanskar og fremjar god sosial og skulefagleg læring.

Frå Opplæringslova §9a

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.

Dersom føresette undrar seg om skulen har behandla saken riktig, eller burde gjere meir, kan dei melde til fylkesmannen.

Nettstad om mobbing: <http://www.udir.no/nullmobbing/>



Fordeling av ansvaret mellom skule og heim

Ansvarsområde:

Kunnskapsløftet og Opplæringslova seier at det er foreldra som har hovudansvaret for oppsedinga av sine barn. Skulen skal støtte heimen i denne oppsedinga og førebu dei unge på oppgåver i samfunnet. Skulen pliktar å leggje til rette for at dette samarbeidet kjem i gong.

Retningslinjer i samarbeidet:

- Gjensidig tillit
- Klar og tydeleg informasjon
- Eleven er i fokus og skal takast med i dialogen. Eleven skal vite at vi samarbeider og snakkar saman.
- Faste rammer i samarbeidet, med ei tydeleg fordeling av ansvar.

Føresette sitt ansvar	Skulen sitt ansvar	Eleven sitt ansvar
<ul style="list-style-type: none"> • Gje skulen nødvendig informasjon om barnet. • Sørge for at barnet møter i tide til skuledagen. • Sørge for at eleven har med seg nødvendig skulemateriell. • Samarbeide og hjelpe til med å nå dei faglege målsettingane som er forventa på dei ulike trinn. • Følge opp heimearbeid og skriv til heimen. • Vere lojale i sin omtale av skulen sitt arbeid – usemje takast opp direkte med skulen. • Følge regler, normer og avtalar som gjeld i skulen. • Informere skulen/ kontaktlærer om eleven sitt fråvær i løpet av første fråværsdag. • Møte på foreldremøte, utviklingssamtalar og delta i sosiale aktivitetar på skolen og i rådsorgana. (foreldrekontakt, FAU, SU) 	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for eit trygt miljø på skulen. • Utvikle barn og unge si tru på seg sjølv. • Ha blick for den enkelte elev, gje omsorg, oppmuntring og ros. • Skape gode arenaer for læring, og leggje til rette for elevane si eigenvurdering. • Gje tilpassa undervisning både fagleg og sosialt, slik at elevane opplever å lykkast. • Vere fagleg oppdatert. • Informere og samarbeide med føresette om barnet si utvikling. • Ta kontakt med heimen dersom eleven har fråvær som ikkje er meldt. • Samarbeide med føresette og aktuelle instansar når problem oppstår. • Kalle inn til foreldremøte, utviklingssamtalar og andre nødvendige møte. 	<ul style="list-style-type: none"> • Møte presis kvar dag. • Ha med seg nødvendig utstyr på skulen. • Arbeide mot å nå måla i alle fag. • Delta aktivt i ulike læringsaktivitetar. • Ta ansvar for eiga læring, og vurdere si eiga læring. • Plikt til å bidra til at lærarane har eit grunnlag for vurdering. • Arbeide godt med heimearbeid. • Oppføre seg respektfullt overfor vaksne og andre elevar. • Respektere og følge skulen sine ordensreglar. • Delta i skulen sine rådsorgan. (klasseråd, elevråd, SU)

Ferie og fridagar ved Garnes ungdomsskule

Skuleruta ligg på skulen sin heimeside.

Skulestart 16.august. Elevane har fri 13.september, 5.november, 27. og 28. januar og 27.mai . Haustferie veke 41. Vinterferie veke 9. 3.januar er vanleg skuledag. Sjå heimesida til skulen for meir info.

Læringsplanar og periodar

Skuleåret er delt inn i 6 periodar, der kvar periode har ein samordna læringsplan med kompetansemål, læringsmål, vurderingskriterium og faglege tema.

Periode	Dato	Veke
1	23.august – 8.oktober	34-40
2	18. oktober – 26.november	42-47
3	29.november – 21.januar	48-3
4	24.januar – 11.mars	3– 10
5	14. mars– 29.april	11-17
6	2. mai – 10.juni	18– 23

Vurdering av elevane si kompetanse

Elevar og lærarar har eit gjensidig ansvar for at grunnlag for vurdering skal vere til stades. Elevane har plikt til å bidra til at lærarane har eit grunnlag for vurdering. Elevane sitt ansvar består i å møte fram til og delta aktivt i opplæringa. Stort elevfråvær kan resultere i at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse. Læraren sitt ansvar består i å legge til rette for at ho/han får eit tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere eleven sin oppnådde kompetanse.

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga. Formålet med eigenvurderinga er refleksjon og bevisstheit om eiga læring. Eleven skal få trening i å vurdere kva som forventast av eit bestemt arbeid, korleis dei lærar best, og vurdere eigen kompetanse og fagleg utvikling. Lærar legg til rette for eleven si eigenvurdering i sine fag. Vurdering av elevane sin kompetanse skjer på eit breitt grunnlag og kontinuerleg i undervisninga i ulike situasjonar, prøvar og innleveringar er kun ei liten del av vurderingsgrunnlaget.

Til forskriftsføresegn. Lenker til Lovdata: [Forskrift til opplæringslova - Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring - Lovdata](#)

Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Opplæringslova § 2-3 a.

Skulen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skule som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen.

Dersom skulen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skulen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skulen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skuleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i første ledd.

Personvernforordning

Når lærar/ skulen får e-postar frå føresette eller andre, skal denne ikkje vidaresendast. Ein kan fjerne innhald i e-post og deretter svare, eventuelt svare med «tom» e-post. Personopplysingar (opplysningar som kan sporast til eit individ), skal ikkje delast digitalt. Felles informasjon til føresette blir sendt i blindkopi. Skulen brukar digital post til kommunikasjon om personsensitive opplysningar.



Sterk & Klar
ET VERKTØY FOR FORELDRE

Foreldreprogrammet Sterk&Klar

Garnes Ungdomsskule har vore Sterk&Klar-skule i fleire år. Programmet er utvikla med tanke på å støtte og rettleie føresette i arbeidet med å hindre at barna kjem i for tidleg kontakt med alkohol og andre rusmiddel.

Sterk&Klar inviterer over dei tre åra til fire foreldretreff med følgande tema:

- Grensesetting
- Samarbeid mellom føresette
- Dei unge sin debutalder
- Foreldrerolla
- Ros og positivt fokus i foreldrerolla
- Psykisk helse i ungdomstida
- Dagens samfunn og korleis det påverkar ungdom
- Sosiale medium og spel
- Overgang ungdomsskule- vidaregåande
- Alkohol og cannabis
- Det vil bli lagt til rette for dialog og samtale på alle foreldremøta.

«I programmet har vi fokus på at foreldrene er de beste forebyggerne og at det er de som best kan påvirke barnas utvikling og adferd. Vi ønsker å påvirke ungdommene gjennom at vi hjelper foreldrene til å bli bedre rollemodeller for sine barn.»

www.sterkogklar.no

Arbeid mot røyking og bruk av snus

På Garnes ungdomsskule er vi einige om at vi skal gjere ein skikkeleg felles innsats i arbeidet mot røyking og bruk av snus på skulen.

Vi gjer dette av fleire grunnar:

- Det er lett for at andre elevar vert rekrutterte som røykarar/snusbrukarar om røyking og bruk av snus går føre seg synleg på skulen.
- Elevane skal vise respekt for vaksne og for skulen sine reglar.
- Det har ein svært dårleg signaleffekt om vi lar brot på skulen sine trivsels- og ordensreglement passere.

Følgjande retningslinjer gjeld:

1. Ingen vaksne på skulen skal oversjå dei som synleg røyker eller bruker snus.
2. Ein skal be dei om å stumpe røyken/kaste snusen i bosset. (Vi legg ikkje opp til katt og mus-leiken og ein jakt etter elevane)

Følgjande konsekvensar gjeld ved bruk av røyk eller snus:

1. Elevar som blir tatt i røyking/bruk av snus skal skrivast ned og få merknad (itslearning).
2. Elevane skal ringe til føresette for å fortelje kva som har skjedd.
3. Ved gjentekne (tal: 3) meldingar om røyking/bruk av snus skal føresette og elev kallast inn til møte.

Det kan få konsekvens på atferds karakteren, som ved andre regelbrot.

Ordensreglar for Garnes ungdomsskule

Vi gjer oppmerksom på at skulen ikkje tek ansvar for verdisaker. Verdisaker må heller ikkje leggst att i gardeoven. Vi oppfordrar alle til å sette kodelås på elevskapet.

§ 8. Fellesreglar ved alle kommunale grunnskular i Bergen

§ 8-1 Reglar knytte til orden

1. Møt presis til skuletimane og til andre avtalar.
2. Ha med deg alt utstyr som er nødvendig for opplæringa.
3. Gjer ferdig skulearbeidet til dei tidsfristane som er fastsette.
4. Ta godt vare på skulebøker, anna undervisningsmateriell og alt som tilhøyrar skulen.
5. Fusk på prøvar eller anna innleveringsarbeid er ikkje tillate.
6. Dersom ikkje noko anna er bestemt ved skulen, skal du vera på skuleområdet heile skuledagen - også i pausane og friminutta. I særskilde tilfelle kan du bli pålagt å halda deg på bestemte delar av skuleområdet.
7. Hald det ryddig rundt deg, og bidra til at heile skuleområdet blir halde reint og ryddig.
8. Må du vera borte frå skulen, skal du så sant det er mogeleg, søkja rektor om permisjon i god tid på førehand. I alle andre tilfelle skal du så snart det er praktisk mogeleg, gi melding til kontaktlæraren din om årsaka til fråværet.
9. Personlege verdisaker er ikkje dekkja av kommunen si elevforsikring, og bør derfor ikkje takast med på skulen.

§ 8-2 Reglar knytte til åtferd

10. Vis folkeskikk, ver høfleg og opptre med respekt overfor alle andre ved skulen - for eksempel når det gjeld språkbruk, og i måten du snakkar til eller omtalar andre.
11. Elevar og tilsette skal helsa på kvarandre når fyrste skuletime tar til, og elles når det er naturleg.
12. Hald nødvendig arbeidsro i skuletimane.
13. All bruk av skulen sine datamaskiner - mellom anna bruken av Internett - skal vera i samsvar med Bergen kommune sine reglar om [nettvett](#) - sjå link eller vedlegg 1.
14. Den enkelte skule kan setja grenser for farefull leik eller leik som kan medføra ubehag, slik som snøballkasting.
15. Utstyr eller gjenstandar som kan forstyrre undervisninga eller vera til skade eller ubehag for andre, skal ikkje takast med på skulen.
16. Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn eller handlingar og all form for sjikane, krenking eller trakassering er forbode.
17. Å ha med seg og/ eller bruka tobakk, snus osv er forbode.
18. Å ha med seg og/ eller bruka alkohol eller andre rusmiddel er forbode.
19. Å ha med seg og/ eller bruka farlege gjenstandar - for eksempel kniv og slagvåpen - er forbode.

§ 9. Lokale tilleggsreglar ved Garnes ungdomsskule

I tillegg til reglane ovanfor gjeld reglane i § 9-1 og § 9-2 for elevane ved vår skole. Dei lokale reglane skal innehalda retningslinjer for bruk av mobiltelefon og samanliknbare teknologiske kommunikasjonsmedium - til dømes iPad.

§ 9-1 Lokale reglar knytte til orden

1. I timane skal mobiltelefon/musikkspelar o.l. liggje avslått på tilvist stad og kan berre nyttast etter avtale med læraren som har timen.
2. I midttimen i perioden 1.april-1.nov kan elevar gå til fotballbanen, men ikkje til Bjørnarhallen. Det er ikkje høve til å ta med seg mat og drikke til banen.
3. Ta ikkje med snop, brus, energidrikk eller andre søtsaker på skolen.

4. Alle elevar skal vere ute i friminutta.

§ 9-2 Lokale reglar knytte til åtferd

1. Snøballkasting er forbode.

I tillegg skal kvar klasse lage sine egne klassereglar som vert gjort synlege i klasserommet. Klassereglane må ikkje bryte med ordensreglementet for skulen

§ 11. Tiltak som kan eller skal brukast som straff for brot på ordensreglementet

Ein sanksjon skal koma så nær regelbrotet som mogeleg, men likevel ikkje tidlegare enn at kvar sak er forsvarleg opplyst og handsama.

1. Skriftleg åtvaring.
2. Pålegg om å vera på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærer, rektor eller den rektor gir mynde, eller for å utføra pålagde oppgåver.
3. Pålegg om å retta opp den skaden eleven sjølv har påført skulen sin eigedom og/ eller eigendelar - for eksempel rydda søppel, vaska golv eller fjerna tagging.
4. Restriksjonar i bruken av skulen sine datamaskiner, jf. kommunen sine reglar om [nettvett](#).
5. Avgrensa fridom i friminutta - for eksempel påbod om å vera i nærleiken av ein namngitt tilsett, eller om å halda seg på eit avgrensa område inne eller ute.
6. Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar.
7. Bortvising frå undervisninga for *enkelttimar* eller *resten av dagen* - jf. opplærings-lova § 2–10.
8. Ungdomsskuleelevar kan visast bort frå skulen i inntil tre skuledagar etter alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet - jf. opplæringslova § 2–10.
9. Bortvising frå eksamen - etter fyrst å ha fått åtvaring - dersom åtferda hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av eksamen - jf. forskrift til opplæringslova § 3-36.
10. Mellombels eller permanent overføring til annan klasse eller basisgruppe.
11. I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane gjer det nødvendig, og andre tiltak allereie er prøvd - jf. opplæringslova § 8-1, 3. ledd.
12. Pålegg om å erstatta skade - jf. lov om skadeserstatning §§ 1-1 og 1-2.
13. Mellombels beslaglegging av mobiltelefonen for resten av skuledagen dersom skulen sine ordensreglar om bruk av mobiltelefon er brotne.
14. Mobiltelefon som utan samtykke er brukt til å fotografera og/ eller gjera lydopptak av andre elevar, *skal* beslagleggjast. Er det mistanke om at fotograferinga og/ eller lydopptaket er krenkjande, *skal* mobiltelefonen leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.
15. Rusmiddel og farlege gjenstandar *skal* beslagleggjast og leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.
16. Grove brot på straffelova - for eksempel grov vald, grove truslar, eldspåsetjing, bruk av eksplosiv, grovt hærverk eller grovt tjuveri - *skal normalt* meldast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei

§ 12. Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåstkamp, hærverk osv.

Tilsette har plikt til å prøva å stansa vald, slåstkamp, hærverk osv. Så sant det er forsvarleg, skal den tilsette gripa inn direkte, og om nødvendig med mild fysisk makt. Den fysiske makta må ikkje ha karakter av straff mot enkeltelev(ar).

§ 13. Vurdering med karakter i orden og åtferd

Ungdomsskuleelevar skal ha eigne karakterar både i orden og i åtferd. Å gje ein elev annan karakter enn den beste skal ikkje brukast som sanksjon eller straff, men karakteren skal fortelja eleven og eleven sine foreldre i kva grad eleven held seg til ordensreglementet og til allment aksepterte normer for oppførsel og folkeskikk. Vurderinga skal ta omsyn til eleven sine føresetnader.

KONSEKVEN SAR VED BRUDD PÅ TILLITSFORHOLD PÅ UTFLUKTER

Lærarar og assistentar har ansvar for elevane på utflukter, og det er derfor viktig at elevar følgjer reglar og retningslinjer som vert gitt av dei vaksne. Dette for å trygge både føresette, elevar og lærarar/assistentar. For å kunna ta elevane med på desse utfluktene er det ein del tillitsforhold som må vera tilstade. Når elevar bryt tillitsforhold har skulen valt å bruka ein konsekvens. Konsekvensen vert gitt for at elevar skal læra og halde avtalar bygd på eit tillitsforhold, og for å førebyggja.

Brot på tillitsforhold kan vera:

Koma for seint til avtalt tid og stad
Stikke av frå delar av utflukta utan avtale med ein vaksen
Forstyrre elevar eller anna publikum
Ikkje følge beskjedar

Konsekvens av brot på tillitsforhold kan vere:

Tilsnakk/pålegg frå vaksen
Merknad
Ved neste planlagde utflukt må eleven vera på skulen og ha ordinært skularbeid
Samtale med føresette

Avtale for elevar sin bruk av digitale nett i bergensskulen:

- Eg har fått tildelt eigen brukaridentitet og eit personleg passord som gir meg tilgang til skulen sitt datanettverk og til It´s learning.
- Eg skal ikkje la andre få vite mitt passord.
- Eg skal ikkje søke etter, skrive ut eller sette bokmerke på sider med pornografisk, rasistisk eller nazistisk innhald av noko slag. Dersom nettsider med slikt innhald dukkar opp på skjermen, skal eg lukke desse nettsidene med ein gong. Eg skal ikkje lage nettsider eller skrive innlegg på nettet med slikt innhald.
- Eg skal ikkje opptre anonymt på nettet.
- Eg skal ikkje mobbe, skjelle ut eller fornærme andre på nettet.
- Eg veit at bergensskulen følgjer [Datatilsynet sine reglar](#) om offentleggjering av bilete på nett. Situasjonsbilde frå for eksempel skulen sin skidag eller skulen sitt 17.mai-tog, kan leggest på nett dersom det ikkje er krenkande for nokon av dei som er med på bildet. Portrettbilde, som er bilde av ein eller fleire bestemte personar, krev samtykke frå dei som er med på bildet, før bildet blir lagt ut på nett. Er du som er med på bildet under 15 år, skal du ha løyve frå heimen.
- Eg skal ikkje bestille varer av noko slag via skulen sine datamaskiner
- Eg skal ikkje laste ned programvare frå nettet på skulen sine datamaskiner med mindre det er ein del av undervisninga.
- Eg skal heller ikkje slette programvare på skulen sine datamaskiner.
- Eg veit at all aktivitet i skulens sitt datanettverk blir loggført og at data kan sporast tilbake til den enkelte som har produsert dataa.
- Eg er kjent med at klassen si og mi eiga lagring av data på skulen sine datamaskiner kan lesast og eventuelt fjernast av rektor eller av den som rektor gir fullmakt.
- Eg aksepterer at dersom eg ikkje held desse reglane, kan eg bli fråteken tilgangen til skulen sine datamaskiner i ein periode.
- Eg godtek at skulen si leiing kan varsle mine føresette dersom eg ikkje held meg til skulen sine reglar for bruk av skulen sine datamaskiner.

Avtalen er gyldig ved at elev og føresette signerer på samtykkeskjema som ein får hos kontaktlærer. Denne må leverast inn dersom eleven skal nytte skulen sitt datautstyr.

Reglar for bruk av mobiltelefon, nettbrett og anna digitalt utstyr

Garnes ungdomsskule har som mål at elevane skal utvikle høg digital kompetanse i løpet av skuletida. Elevane treng høg kompetanse på korleis ein nyttar digitale verktøy, og kva som er akseptabel bruk av desse. Alle elevar disponerer eige Chromebook/PC. Det er eige avtale for dette. Avtalen må signerast.

Reglar for bruk:

- I undervisningstida skal mobiltelefon vere lydløs og liggje i mobilhotellet, om ikkje læraren legg opp til fagleg bruk av utstyret.
- Lærar kan krevje at elevar legg frå seg mobiltelefon og anna utstyr på anvist plass når undervisninga skjer utanfor klasserommet, på spesialrom eller utanfor skuleområdet.
- I kroppsøving/symjing **skal** elevane levere inn mobil. Dette gjeld sjølv om ein ikkje deltek i undervisningsaktivitetane.
- Det er ikkje lov å fotografere eller filme elevar og vaksne på skulen utan samtykke.
- Elevar skal ikkje bruke digitalt utstyr til å trakassere, krenke eller mobbe.
- Det er eleven sjølv sitt ansvar å hindre at mobiltelefon og anna digitalt utstyr vert øydelagt eller forsvinn på skulen.

Fagleg bruk av mobilt utstyr skal vere arrangert av lærar og kan vere:

- ❖ Filming og/eller fotografering av forsøk, forklaringar, teikningar på tavla.
- ❖ Filming og/ eller fotografering i KH, bilderedigering etc.
- ❖ Bruk av notat- og teikneprogram på nettbrett eller berbar PC.
- ❖ Pedagogisk programvare og app'ar som skulen tilrår, til dømes It's Learning.
- ❖ Søk etter fagleg informasjon.

Konsekvensar av brot på reglane kan vere: Munnleg eller skriftleg melding til dei føresette, med oppmoding om at eleven ikkje har med seg det digitale utstyret på skulen.

Grove eller gjentekne brot på reglane kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtferd .

Mobiltelefonar som ikkje vert levert inn på mobilhotellet i starten av timen vert inndratt for resten av skuledagen. Dersom eleven ikkje leverer frå seg mobilen frivillig, vert føresette kontakta snarast.

Om avtalt bruk skapar uro i undervisning vert utstyret inndrege for resten av skuledagen.

Er det mistanke om at fotograferinga og/ eller lydopptaket er krenkjande, *skal* mobiltelefonen leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei. Dette gjeld heile skuledagen og på skulevegen

Ved digital trakassering, krenking eller mobbing vil skulen kontakte politiet. Eleven kan måtte ha undervisning og pausar skild frå andre elevar. Elevar kan bortvisast for resten av skuledagen og utvisning for 1-3 skuledagar og bli vurdert.

Kantinedrift

Skuleåret 2021-2022 planlegg vi start av noko kantinedrift.

Gratis skuleprinsippet

Alle aktivitetar i regi av skulen skal vere gratis for eleven. Det kan ikkje krevjast eigenandel for noko som skulen arrangerer.

Nasjonalt lånekort og felles utlånsreglar for grunnskulane i Bergen

Elevar i bergensskulen har fått utdelt eit nasjonalt lånekort. Dette vil fungere som eit vanleg lånekort på det lokale skulebiblioteket. Om føresette gir sitt samtykke, kan dette kortet også brukast på dei fleste bibliotek i heile landet. Barnet sitt personnummer vert registrert i nasjonalt låneregister (Sjå opplysningar i <http://lanekortet.no/brosjyre.htm>). Lånekortet finnast også som app og kan lastast ned på mobiltelefon. Ein finn Bibliofil-appen i både Android og Apple sine programvaresenter.

Alt utlån på skulen skal no registrerast elektronisk, også reserveringar, innleveringar, bestillingar og liknande. Dette gjeld også skulemateriell og Cromebook. Dei offentlege biblioteka har egne reglar for utlån og krav for erstatning. Bøker lånt på Bergen offentlige Bibliotek må leverast tilbake på ein av filialane eller på hovudbiblioteket i sentrum.

Eleven forpliktar seg til å ta godt vare på bøkene og anna utstyr, bl.a. ved å ta bokbind på lærebøkene. Det skal ikkje skrivast og teiknast i bøkene. Eleven er ansvarleg for sitt lånte eksemplar av ei bok.

Bøker lånt på skulen, leverast tilbake på skulen.

Bøker skal leverast tilbake i god stand innan tidsfristen/forfall. Ved behov kan utlån som regel fornyast. Dette kan ein gjere på utlånsstasjonen, på Bibliofil-appen eller hos skulebibliotekar.

Medvite hærverk eller forsømming fører til erstatningskrav. Eleven må erstatte lærebøker og anna materiale som kjem bort.

Med nokre unntak er lånetid 28 dagar, med moglegheit for tre fornyingar.

Film: 3 dagar med moglegheit for 3 fornyingar.

Tidsskrift: 5 dagar med moglegheit for 3 fornyingar.

Spill: 1 dag. Vert ikkje fornya.

Utlånstid for lærebøker er eitt skuleår. Forfall ved skuleslutt.

Varsel om forfall/purring sendast på mellom- og ungdomstrinn pr. e-post til eleven. Om nødvendig til kontaktlærar og eventuelt purring til føresette. På småtrinnet sendast varsel først til kontaktlærar, deretter til føresett.

Helsesjukepleiar og skulelege

Skulen si helsesjukepleiar er Rita Fosseng Duley, og ho er her måndag, tysdag, onsdag og torsdag. Annan kvar tysdag i lag med skulelege. I tillegg til faste oppgåver som individuelle samtalar på 8. trinn og vaksinasjon på 10. trinn, er dette eit lågterskeltilbod der elevar og føresette kan ta kontakt for samtalar og rådgjeving. Aktuelle tema kan vere trivsel, skulefråvær, grensesetting, kosthald, søvn og psykisk helse.

Tlf.55562635/ 40810636

INFORMASJON TIL FORELDRE OM TRIVSELSPROGRAMMET PÅ UNGDOMSSKOLEN

TRIVSELSLEDER

TL

Trivselsledere skal...

- legge til rette for aktiviteter i friminuttene.
- vie spesiell oppmerksomhet til elever som går alene.
- få opplæring på heldags aktivitetskurs.
- få veiledning og støtte underveis av den ansvarlige på skolen.

Kjære foresatte

Her kommer informasjon om Trivselsprogrammet for ungdomsskolen. Dette er et program for økt aktivitet og trivsel, der elever er trivselsledere, som setter igang aktiviteter i storefriminuttet. Hovedmålet er å tilby flere og mer varierte aktiviteter i. Det er skolens håp og overbevisning at når friminuttene blir morsommere og mer meningsfulle, vil skoledagen som helhet oppleves som mer lystbetont. Vårt mål er at alle elever skal glede seg til å gå på skolen – hver dag.

Mobbing

Skolegården og friminuttene er, ifølge mobbeforskere (Olweus, Roland m.fl.), dessverre hovedarena for mobbing. Selv om Trivselsprogrammet kun er ment å skulle supplere skolens gjeldende opplegg mot mobbing, er også håpet at et mer innholdsrikt friminutt vil få mobbere på andre tanker. Lediggang er som kjent roten til mye ondt.

Personlig Egnethet

Ifølge den nasjonale Elevundersøkelsen 2012 oppgir 16,5% av elevene å mobbe medelever en sjelden gang eller oftere. Det er derfor ingen rettighet å bli trivselsleder, dette er et oppdrag elevene får utfra personlig egnethet. Trivselslederne har et særskilt ansvar for å inkludere elever som går alene. De må være mobbefrie. Elevene søker, og det er TL-ansvarlig og kontaktlærer som velger ut hvem som blir årets trivselsledere. Trivselslederne får lede aktiviteter som de liker. En som spiller fotball på fritiden kan lede fotballaktiviteter, og en som driver med dans kan lede danseaktiviteter.

Arbeidsinnsats

Trivselslederne velges for ett år av gangen. I begynnelsen av hvert semester får de et heldags aktivitetskurs. Her gjennomgår aktiviteter som trivselslederne kan

sette igang på sin skole. De vil også få tips om hvordan man leder aktiviteter. Trivselslederne jobber to dager i uken i storefriminuttet (enten mandager/onsdager eller tirsdager/torsdager). I tillegg har de jevnlig møter med TL-ansvarlig på skolen. Her gir trivselslederne tilbakemeldinger på perioden som har vært, og planlegger aktivitetene for neste periode.

Aktivitet i skolehverdagen

Forskning har vist at tre av fire ungdommer opplever skolegården som kjedelig og utrivelig. En bedre tilrettelegging av skolegården vil ha særlig stor effekt på ungdomstrinnet, ifølge rapporten «Fysisk aktivitet i skolehverdagen» (2004:60). Samme rapport hevder også at det er sannsynlig at fokusering på fysisk aktivitet i skoletiden gir økt aktivitet i fritiden (2004:37) og konkluderer blant annet med at det må stimuleres til aktivitetsfremmende utearealer på ungdomsskolene (2004:73). Fysisk aktivitet vurderes også som viktig for å fremme konsentrasjon og læring (HEMIL-senteret 2008). I tillegg kommer aktive barn og ungdom sannsynligvis også til å være mer fysisk aktive som voksne (Telema et al. 2005, 2006).

Kulturell opplæring

Det er ønskelig at trivselslederne lærer seg å bruke, og samtidig støtte opp om, kulturelle aktiviteter i nærmiljøet. Opplevelsene skal samtidig gi dem inspirasjon til å organisere aktiviteter på sin skole. Alle trivselslederne får derfor et kulturkort som gir gratis adgang til, eller rabatt på f.eks. fotballkamper, hockeymatcher, bowling, svømmehaller, dansekurs m.m. over hele Norge. Mer informasjon om trivselsprogrammet finner du på www.trivselsleder.no.



Elevene får tilgang på aktivitetshandbøker med over 400 ulike leker og aktiviteter.

Vennlig hilsen Trivselsprogrammet




Kommunikasjonskanalar mellom skule-heim på GUS

- Kontaktskjema.
Dersom ein ønskjer kontakt med skulen, ligg det eit kontaktskjema på skulen si heimeside. På grunn av personvernreglar bør ein unngå å nytte epost . Eller ein kan ringe skulen tlf 530 34 700.

- **Itslearning**

Alle føresette har itslearning-tilgang via minID. Dette inneberer at dei har tilgang til dashbordet til GUS' itslearning-side. Her vil det bli lagt ut informasjon som kan vere av nytteverdi for foreldra. For å komme inn på it's learning må de inn på følgande nettside: www.itslearning.com - deretter velje Bergen kommune i rullegardinmenyen på venstre side av skjermen. Da får de ei velkomsthelsing frå Bergen kommune.

- Trykk på linken som står under overskrifta foresatte:
Foresatte
Pålogging it's learning skjer nå med pålogging via ID-porten/MinID.
Pålogging skjer via www.itslearning.com/elogin



Skulen si heimeside

- Her er generell informasjon om skulen. Læringsplanar, søknader om permisjonar og liknande leggst ut her.


Vekeinfo på e-post

- Kontaktlærer samlar inn e-post-adressene til føresette i klassen. På denne måten kan informasjon sendast heim på felles e-postar kvar veke, på blindkopi. Når føresette får ny e-postadresse må kopi av denne vidaresendast konsulent Elin Rivenes for å oppdatere skulen sine lister.

Facebook/sosiale medium

- Det er inga forventning frå skulen si side om at elevar, føresette og lærarar skal kommunisere på Facebook eller andre sosiale medium. Informasjon blir i hovudsak gitt via e-post og Itslearning.
- Det har dei siste åra utvikla seg ein praksis med å opprette egne Facebook-grupper for klassene på skulen, der elevar og lærarar kan vere medlem utan å måtte vere «ven» på Facebook. Det gir gode moglegheiter for effektiv kommunikasjon mellom lærar-elev.
- Føresette som treng å komme i kontakt med sine barn må ringe til skulen sitt sentralbord 53034700.

Organisasjonskart Garnes ungdomsskule 2021-2022



Alle elevar skal oppleve
eit trygt og godt arbeidsmiljø
fritt for mobbing på skulen

NULLMOBBING

